

**SAKSPAPIR**

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sbh
Saksgruppe næring og utvikling	24.09.2014	015/14	LAK
Saksgruppe levekår og nærmiljø	24.09.2014	017/14	LAK
Formannskapet	30.09.2014	072/14	LAK

Saksansvarleg Laila Klemetsaune	Arkiv: N-101.2 Objekt:	ArkivsakID 12/1580
---	---	------------------------------

REGIONAL KULTURPLAN - HØYRINGSUTTALE**Dokumentliste:**

Nr	T	Jp.dat	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	08.06.2012	Hordaland Fylkeskommune	FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM FOR REGIONAL KULTURPLAN - HØYRING
2	I	23.06.2014	Hordaland Fylkeskommune	HØYRING - REGIONAL KULTURPLAN FOR HORDALAND 2015-2025 - INVITASJON TIL HØYRNG

Link til høyringsutkastet: <http://www.hordaland.no/kulturplan>

Saksutgreing:

Hordaland vil oppleve store endringar i løpet av planperioden 2015-2025. I botn for den regionale kulturplanen ligg spørsmål om kva dei venta samfunnsendringane vil tyda for utfordringar og prioriteringar innan kultur og idrett. Kva trengst av areal, anlegg, aktivitetar og tilbod? Korleis bør innretninga og fordelinga vera? Korleis kan ein mønstra ein regional strategi i høve den aukande sentraliseringa av makt og midlar til hovudstaden? Dette er sentrale problemstillingar i PREMISS: KULTUR.

Regional kulturplan legg til grunn at kultur har sin klare eigenverdi og er ein viktig utviklingsfaktor innan alle samfunnsområde. Kulturpolitikken skal fremja demokrati og ytringsfridom. Kultursatsinga vil skapa utvikling og aktivitet. Kultur er også eit verkemiddel for å ta vare på og utvikla verdiar og ressursar. I Hordaland skal kulturpolitikken vera ein grunnleggjande premiss for samfunnsutviklinga.

Hovudmålet med planen er å skapa grunnlag for ein offensiv og langsiktig kulturpolitikk med føreseielege rammer, internt i fylket og i høve eksterne aktørar. Kultur er eit sentralisert politikkområde, og verkemidla er fragmenterte og lite samordna. Kulturpolitikken skal setjast i verk der folk bur og der ressursane er. Dette gjev det beste utgangspunktet for innovasjon og produktutvikling, for menneskeleg utfalding og opplevingar.

Regional kulturplan inneheld visjon, mål og prioriteringar med innsatsområde. Konkrete tiltak finst i det fireårige handlingsprogrammet, som skal rullerast årleg i samband med Hordaland fylkeskommune sin budsjettprosess.

Regional kulturplan erstattar :

Fylkesdelplan for Hordaland 2005-2008

Regional plan for museum 2011-2015

Fylkesdelplan for kulturminne 1998-2010

Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2007-2010

Fylkesdelplan Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2008-2012

Vurdering:

Visjonen om at Hordaland skal vera ein leiande europeisk kulturregion er for svulstig, særleg i ei tid med kommunereform og ei usikker framtid for fylkeskommunen. Visjon, mål og rammer for planarbeidet er elles godt skissert. Det er nyttig å samla alle fem fylkesdelplanane i ein plan, sjølv om den vert omfattande og med mykje tekst.

Den kommunale planlegginga og forvaltninga er avhengige av rammene som fylkeskommunen og staten definerer, både når det gjeld økonomi og kompetanse. I små kommunar brukar ein ufatteleg mykje tid til søknadsskriving og rapportering på midlar fra fylkeskommunen og andre offentleg instansar. Det gjeld prosjekt og tiltak for i det heile å få aktivitet og kulturopplevingar. Eit døme er spelemidlane på ordinære anlegg, som ein må søkja på i 3 år før ein eventuelt kjem i posisjon til å få midlar. Ein bør unngå unødvendig langtekkelege prosessar både for kommune og fylkeskommune/stat. Det går utover innovasjon, kreativitet og utvikling. Kunstrnarar, kulturarbeidarar, frivillige lag og organisasjonar misser motivasjonen til å skapa noko når det tar så lang tid å få svar.

Sund kommune ynskjer seg eit betre system som gjer meir føreseielege rammer i forvaltninga. Midlar til kultur i eit rammebudsjett til ein økonomisk fattig kommune, kan fort forsvinna til lovpålagde oppgåver. Det viser seg ofte at kultur er ein salderingspost.

Sund kommune er positiv til at det vert sett på endring og forenkling av driftstilskota til faste ordningar. Det kan vera meir effektivt at kommunen får overført midlar direkte og ha hand om fleire verkemiddel sjølv.

Når det gjeld pkt 28 Amatørkultur under kapittelet Kunstproduksjon og kulturformidling, ser vi at det kunne ha vore nyttig å ha eit lokalt kulturråd på line med det lokale idrettsrådet. Det kan omfatta musikklag og andre frivillige organisasjonar som ikkje ligg under idrettsrådet.

Sund kommune er positive til alt som står i kapittel 4 om kulturpolitiske utfordringar og kapittel 5 Innsatsområde. Alle desse områda har relevans i små kommunar og i regionen. For folkebiblioteket er det viktig at fylkesbiblioteket kan ivareta regionale bibliotekoppgåver og bibliotekutvikling, gje råd til lokale styresmakter, bibliotekfagleg rettleiing og arrangera møte og kurs om bibliotekspørsmål.

Økonomiske konsekvensar:

Det er viktig at handlingsplanen er i samsvar med økonomiplanar og med føreseielege rammer.

Tilråding til vedtak:

- Sund kommune ser positivt på at dei 5 kommunedelplanane vert samordna i ein kulturplan.
- Sund kommune stiller seg bak visjon, mål og tiltak som er skisserte i planen, men ser at ein ikkje treng å ha som mål å vera best i Europa.
- Sund meiner det er viktig å ha fokus på eigenaktivitet innan kultur og idrett og gje gode rammevilkår for kulturlivet, innovasjon og utvikling også i små kommunar utan store kulturinstitusjonar.
- Både fylket og kommunar må vera pådrivarar for ei utvikling av folkebiblioteka som går i retning av å vera gode møteplassar.
- Fylkeskommunen må bidra til effektivisering av søknads- og rapporteringsprosessane.

24.09.2014 SAKSGRUPPE LEVEKÅR OG NÆRMILJØ

Saka vart handsama i fellesmøte med Saksgruppe Næring og Utvikling.

SLN-017/14 Vedtak:

Saksgruppe Levekår og Nærmiljø sluttar seg til tilrådinga frå administrasjonen.

24.09.2014 SAKSGRUPPE NÆRING OG UTVIKLING

Saka vart handsama i fellesmøte med Saksgruppe Levekår og Nærmiljø.

SNU-015/14 Vedtak:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

30.09.2014 FORMANNSKAPET

F-072/14 Vedtak:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.